



## HORDA DISTRIKT AV DNT

**Helse- og omsorgsdepartementet.**

Einar Gerhardsens plass 3, Postboks 8011 DEP, 0030 Oslo |

### Ang. Høyringsnotatet om forslag til endringar i alkohollovgivninga.

Det er med glede me registrerer at departementet vil strama inn på skjenketidene. Me kjenner alle til at alkoholbruk kostar samfunnet mykje. EU lanserte i 2006 ein stor rapport om alle helseplagene og ekstrautgiftene alkoholbruken fører med seg. I rapporten kunne ein lesa at det var 23 millionar alkoholikarar i Europa, og at skadane alkoholbruken fører med seg, kosta samfunnet 125 milliardar euro. No får me også høyra at svenskane vil "tørka" opp EU. Grunnen til dette er at 58 millionar europearar drikk risikabelt mykje. Det er særleg unge mellom 15 og 29 dette gjeld. I verda døyr 2,3 millionar menneske kvart år som følgje av alkoholmisbruk. Alkohol er den tredje største risikofaktoren for helseskade.

Me har med glede merka oss kva dåverande helseminister Bjarne Håkon Hanssen skreiv då han sende ut notatet: "Jeg er glad for å kunne sende ut forslag om innskrenking av alkohollovens maksimaltider for skjenking av alkohol. Vi vet hvor store skader bruk av alkohol kan føre til, og vi vet at begrensede slags- og skjenketider bidra til å begrense forbruket."

Me støttar fullt ut departementet sitt forslag om å skjera ned på skjenketida av alkoholhaldig drikke i gruppe 3 frå kl. 2,00 til kl. 13.00 og vonar det vert vist politisk vilje til å gjera noko med ei viktig samfunnssak.

Styret i Horda la denne uttalen fram på eit førjulstreff der 55 medlemer frå fem lokallag var møtt fram, og me fekk full støtte til vår utale.

Indre Arna 7.12.09

Ottar Boge

Ottar Boge

Nestleiar

Seimsheia 13

5260 Indre Arna

Asbjørn Solberg

Asbjørn Solberg

Leiar

Mjeldheimskleiva 46

5260 Indre Arna